

Ei misjonerande kyrkje

Foredrag på Kyrkjemøtet. Lillehammer, 14. november 2005

Av Kjetil Aano, generalsekretær i Det Norske Misjonsselskap

1. Bare glede som blir delt, er heil

Det dreier seg om å gå med – og å gå sammen med: Å gå sammen med den oppstandne; om at den oppstandne går sammen med oss; og i glede over å ha mottatt den overraskende meldinga om godt nytt, å bera godt bud vidare.

Dette er vi sammen om som Guds verdensvide kyrkje. Og dette lærer vi stadig på nytt av kvarandre. Kyrkja deler for å bli heil.

Det var heilt mot slutten av mi tid som lærar på ein regional presteskole på Madagaskar. Eg hadde eit ærend til biskopen. Ettersom dette var – og er – eit samfunn mest utan telefon og e-post, var det bare å møta opp på kontortrappa, og stilla seg i kø, og venta. Det ville ta tid, eg visste det. Ventetid kan vera god lesetid!

Denne dagen sto Razafimanantsoa Emmanuel, studiekamerat frå Misjonshøgskolen i Stavanger, og prestekollega lokalt, rett framfor meg i køen.

- Gler du deg til å dra heim? spurte han.

Eg måtte vedgå det, men sa og at eg var takksam for åra mine i landet. Og så la eg til:

- Og så har eg lært utrøleg mykje, også teologi, av å vera her.

Då blei han heilt stille. Såg meg rett i augene og spurte:

- Å, har du det? Kva då?

Eg hadde tenkt litt på det, og svarte at eg hadde fått eit rikare Kristusbilete enn eg kom med. Eg hadde lært mykje om Kristus som den som overvinn mørke og død - heilt konkret.

Og så snakka eg litt om at eg hadde fått meir glede over oppstandelsen enn sorg over synder, at påskedagsglede og langfredagssorg balanserte betre. Eg sa litt om forholdet mellom individualitet og kollektivet, når det siste ber oss som individ; eg snakka om betydningen av ritualer som omkransar livet frå fødsel til grav, som gir rammer og trygghet. Eg snakka meg varm og takksam.

Og så snakka eg om kor mykje eg hadde lært om korleis ein kan retta handa ut til menneske som har ei anna tru, vera medmenneske og medvandrar på livsvegen, og samtidig tydeleg kommunisera si eiga tru og sine eigne overtydingar utan at det bryt relasjonen...

Og om korleis ein ikkje kan dela menneske opp i deler, slik vi har så lett for å gjera i vår vestlege tradisjon. Mennesket heng saman, mennesket er heilt.

For meg blei dette ei Emmaus-oppleveling. Gjennom møtet såg eg noe nytt.

Forteljinga om Emmaus-vandrarane dreier seg om dette: Gjennom det overraskande møtet å gjera disiplane i stand til å møta virkeligheten og verden slik den er.

I første scene er disiplane er på vandring, eller kanskje på flukt: Dei er midt i verden, dei er opptatt av alle problema dei nå står overfor. Dei forsøker å skjøna konteksten,

og å orientera seg i den kvardagen dei nå skal inn i. Mens dei drøftar situasjonen, får vi som lesarar vita, er den oppstandne sammen med dei, utan at dei sjølve ser det.

I neste scene er Jesus, den oppstandne, sjølv aktiv: I eit kort og avgjerande avsnitt opnar han skriftene for dei, så dei ser seg sjølve og sin misjon – sitt formål – i den store sammenhengen.

I tredje scene nærmar dei seg praksisen, handlinga, etterfølginga. Her er to element: Fellesskapet rundt brødet og bøna; og så handlinga. Og det heile endar i praksis, i handling når dei først seier: "Brann ikkje hjertene våre i oss medan han talte til oss på vegen?" – og så handlar: "Og dei tok ut med ein gong og dei sprang tilbake til Jerusalem..."

I Det lutherske Verdensforbundet sitt nye misjonsdokument, blir desse tre scenene brukt som inngangsportar til dokumentet sine tre deler: Kontekst, teologi og praksis. Gjennom dette grepet viser LVF-dokumentet:

1. Først at temaet overrasking og glede er heilt sentralt i eit bibelsk perspektiv. Bare tenk på dei lette føtene på fjellet som kjem med godt budskap; eller på englane som kom med bud om ei stor glede for alle menneske... Og her: Den gode overraskelsen: Det var jo den oppstandne! I Det Norske Misjonsselskap kallar vi vårt nye misjonsdokument "Verdensvid glede".
2. Og dernest at misjon dreier seg om vandring og medvandring. Begge deler er viktige. Vår vandring har eit mål; vil vil dela gleda for å bli heile. Og i den vandringa går vi ikkje aleine. Den oppstandne har sjølv tilslagt sitt nærvær, både som oppmuntrar og retleiar då han sa "sjå eg er med dykk". Jesus inviterer oss til medvandring med seg, han som sjølv er gledas kjelde.

På denne bakgrunnen vil eg gjerne presentera det som er hovedanliggende mitt med dette foredraget: Det er at å bidra til at mi kyrkje, Den norske kyrkja, får eit meir frimodig eigarskap til misjon som omgrep og fenomen.

Eg har ein trefaldig draum (ein trinitarisk draum, kanskje, den er ein, men med tre ulike fasettar,):

- Det er at vi som kyrkje i fellesskap kan stadfesta eit "Ja! Vi er ei misjonerande, kyrkje; eller skal vi seia: Vi er ei misjonal kyrkje."
- Og det er eit: "Ja, vi har også ansvar for at denne misjonale dimensjonen blir strukturert og organisert og omsett i handling." Vi har gode redskap som kan gjera det, gjennom det samhandlingsmønsteret mellom kyrkjelydar, organisasjonar og nettverk som vår kyrkje er rikt velsigna med.
- Og: Ja, dette dreier seg også om mi tru, mi etterfølgjing og mitt vitnesbyrd. Også mi glede blir heil når ho blir delt med andre. Det vil eg gjera noe med!

2. Det ligg i genene

For at det skal skje, ønsker eg å få fram eitt sentralt poeng:

Det som er tema for kyrkjemøtet i dag, høyrer med til sentrum, til kjernen ved det å vera kyrkje. Misjon er ein del av kyrkjas genetiske disposisjon. Det er ein dimensjon ved sjølve det å vera kyrkje.

Kyrkja er til for menneska – ho er Guds redskap for at menneska skal oppdaga glede og sanninga, og for at Gudsrikets krefter skal rekka ut til menneske.

Og av dette følger:

Dersom kyrkja er slik, må ho også handla slik. Ho er misjonal, derfor må ho handla misjonerande!

Og: Dersom kyrkja skal handla slik, må vi gjera det.

Dei gjorde klokt, dei kvinner og menn som utforma visjonsformuleringa for den norske kyrkja.

Vi vil at kyrkja vår skal vera ei folkekirkje. Og denne folkekirkje-identiteten blir kvalifisert ved at ho har fire dimensjonar:

Ho er open: Kyrkja er til for å dela, ho er til for folket. Derfor er det viktig at det er Guds ufortente gâve uttrykt i dåpen, som på grunnleggande vis utgjer kriteriet for medlemsskap i denne kyrkja. Dette er viktig i våre drøftingar om framtidige menighetsformer og arbeidet med menighetsutvikling framover. (Med dette er sjølvsagt ikkje alt sagt som skal seiast om trusopplæring, etterfølging, medvandring og disippelskap.)

Ho er ei tenande kyrkje. Kyrkja blir heil når ho deler. Ho er til for menneska midt i det mylderet av krav, forventingar, smerter og gleder som livet møter oss med.

Ho er ei vedkjenndande kyrkja. Ho er Gudsfolket som i glede stadfestar si tru, enten det skje på famlande og ufullstendig vis, eller det skjer fulltonande og med jubel. Og i lovprisande fellesskap forkynner ho at Gud, du er, og, Gud du er god.

Og ho er ei misjonerande kyrkja. Ho er ei kyrkje som veit heilt inn i det innerste av sjela si at det ikkje er hennar eiga forteneste at ho forvaltar evangeliet. Det kjem alltid utanfrå - slik det ein gong kom utanfrå til oss, med segl i sårbare, små skuter frå vest; og slik det stadig på ny kjem utanfrå, som ei overrasking og ei gave.

Derfor har kyrkja også karakter av å vera eit redskap for å bringa gudsrike-realitetane til menneska; som stadig deler evangeliet og evangeliets gaver og realitetar vidare, slik at menneske på nytt og på nytt - og for alle første gong - kan la seg overraska, la seg overtyda, la seg bli mottatt av han som er gledas kjelde, Jesus Kristus.

3. Det er den treeine Gud som sender

Misjon er ikkje vår misjon, men Guds

Verken misjon eller evangeliet er i ytterste instans er 'vår' eller 'vårt'.

Slagordet Missio Dei, som med tyngde kom inn i kyrkje- og misjonstenkinga i 1963, understrekar dette: At misjon reflekterer Guds eige sendingsmønster; at det er Gud som til sjuande og sist er subjekt for misjon, ikkje vi. Derfor er alle prinsipielt objekt for Guds handling på same måte. Og det er Gudsriket, og ikkje institusjonen kyrkje, som er målet for kyrkja og for kyrkjas misjon.

(Samtidig er slagordet veldig lett å misbruка. Ved at ein får eit entydig fokus på Gud og historia, kan kyrkja på sett og vis hamna i ein parantes. Slagordet er nok til tider

blitt brukt slik. Likevel vil eg hevda at det peikar på noe som er umisteleg: Det er Gud, og ikkje vi, som er subjekt for kyrkjas misjon.)

Kristus som sentrum og forsoning siktemålet

Men samtidig som misjon er Guds, er den også kyrkjas. Guds handlingsmønster i historia er ugjennomtrengelege for oss. Vi har ikkje tilgang til Guds planar utover det han har vist oss. Og det Gud har avslørt, er det Jaques Matthey i Kirkenes Verdensråd kalla sin forsonande pasjon – og då tyder pasjon både inderleg kjærleik og liding. Gjennom denne uttrykksmåten blir fleire perspektiv på forsoning halde sammen: Forsoning dreier seg både om forholdet mellom mennesket og Gud og mennesker imellom. Begge desse sidene kom tydeleg fram under KV's misjonskonferanse i Athen i mai i år, der eg deltok som utsending frå Den norske kyrkja.

(I eit av førebuingsdokumenta konferansen står det: "På grunnlag av den forsoninga Kristus i Guds stad fekk i stand ved sin død og si oppstode, kallar og utfordrar kyrkja menneske til å bli forsonete med Gud. Ved tru blir den forsoning til en personleg røyndom".)

Det er den same kjærleiken vi som kyrkje er sett til å formidla, og målet med det er å skapa forsoning. Det er nær sammenheng mellom å vera forsonet og å vera heil.

Heilaganden er drivkrafta og sammenheng

Misjonen er Guds, Kristus er sentrum, Drivkrafta og sammenheng er Den Heilage Ande.

Tore Johnsen, som også deltok på KV-konferansen i mai i år, utvider synsbreidda. Hans bidrag får tyngde på bakgrunn av at urfolks- og det samiske perspektiv han representerer. Tore Johnsen summerer det opp slik:

"Guds misjon er omsorg for helheten, altså hele skaperverket. [og at] Det (er) kun i rammen av Guds omsorg for helheten at vi må forstå Guds omsorg for enkeltmennesket og menneskeheten."

"Det er i Kristus hendelsen at grunnlaget for all helbredelse og forsoning skapes i teologisk forstand", (og i parantes: helbredelse er også å gjera heil).

"Åndens opprinnelige gjerning i følge Bibelen er en skapende og livgivende gjerning i hele skaperverket (1. Mos 1,2; Sal 104,30) Det er først når skaperverkets helhet brytes ved synden, at Åndens gjerning blir en helbredende og forsonende gjerning. [...] den skapende og livgivende gjerning (legges) til grunn for den forsonende og helbredende gjerning."

Det er Anden som bind det heile sammen, så ikkje ting fell frå kvarandre.

Det er Anden som sender og utrustar si kyrkje til sitt oppdrag. Det er Anden som sender kyrkja til å dela utover eigne grenser.

Misjon er forankra altså i den treeine Gud. Samtidig er det eit eigarskap her:

4. Eigarskapet: Misjon er heile kyrkja si sak

Misjon skjer over alt.

Eg bur i ei folkerik, typisk norsk folkekjarkjemenighet med låg kyrkjesøkning (under 1%), gode intensjonar, ein tenesteville stab som gjer mykje godt, men som også strevar, som gler seg over det som går godt, og blir sliten av alt han ikkje får til og ikkje får tid til. Dette er ei ramme eg trur mange kjenner seg igjen i.

Ein dag for noen år sidan skulle eg ta bussen utanfor der eg bur. Der sto ein kar og venta, og vi kom i prat. Han såg sant å seia noe fortapt ut. Det var han og. Han var frå Texas, Houston trur eg det var. Og i løpet av den korte samtalen kom vi rett til saka – eg veit ikkje om det var han eller eg som hadde sin religiøse legning utanpå. Men uansett kom det fram at han var metodist, kalla av Gud til å vera misjonær. Her, på det han skildra som det kalde og våte vestlandet, midt i den bydelen min, som han syntest var både Gudlause og ukristelege:

- Bare sjå sjølv, sa han, av meir enn 12.000 menneske er det mindre enn 100 i kyrkja på ein vanleg søndag!

Eg kjende det som ein provokasjon, og merka irritasjonen stiga frå fotsolane og oppover. Det var like før eg sette i gang med ein liten introduksjonstale i norsk og nordeuropeisk religiøs sjenanse, fordelen med folkekjarkjeleg forankring, og forskjellen mellom vestnorsk og sørstatsamerikansk lynne.

Men heldigvis kom bussen. Og eg fekk setja meg ned, og likt den bortkomne sonen koma til meg sjølv – og tenka:

- Den der hadde du godt av Kjetil.

I løpet av ein generasjon har i vi opplevd at verdensbildet vårt er forandra. Vi sat lenge fast i eit bilde der delar av verden var kristen, og resten av verden var det ikkje. Så tenkte vi, var det vår oppgåve som Det kristne vesten å kristna resten. Historisk sett har dette prega også norsk misjonsforståing. Og det spelar ennå ei rolle. Men i løpet av dei siste 50 åra har noen viktige endringar skjedd:

- Det har vakse fram livskraftige kristne kyrkjer i store delar av verden.
- Vi har gjenoppdagat den globale kyrkja – sett utover den vestlege kyrkja sine grenser og fått eit nytt forhold til dei ulike ortodokse tradisjonane.
- Sammenhengen mellom religion og samfunn har endra seg radikalt i store deler av den vestlege verden.
- Kyrkjas talmessige tyngdepunkt har flytta seg frå Vesten til Det globale Sør. Samtidig er det Nord og Vest som fortsatt sit på mykje av dei økonomiske, akademiske – og dermed også strukturelle ressursane.

I denne prosessen har også kyrkjas karakter endra seg. Eg vil hevda at i globalt perspektiv blir kyrkja blir stadig meir prega av pentekostale og evangelikale straumdrag. Samtidig kan ein seia at den globale kristne kyrkja framstår i dag med fire tyngdepunkt:

- o Den katolske som er størst og framviser ein imponerande dynamikk, og meir enn noen gong er sjølve motoren i den globale kristne kyrkja;

- Den ortodokse verden, som etter kommunismens fall både opplever ein renessanse og står overfor nye og ukjende utfordringar. Det veks fram ny ortodoks misjonsaktivitet på nye stader, f eks i Uganda. Også dei gamle kyrkjene i Midtausten viser på mange stader stor truskap og åndskraft, trass i at ytre forhold til tider kan vera vanskeleg.
- Dei historiske protestantiske kyrkjene som i global sammenheng opplever stagnasjon eller tilbakegang, og som vi er ein del av. Samtidig har folkekirkjene i Norden heilt særeigne dynamikkar. Her er det må ei stor utfordringa å skjøna overgangen frå ein dominante posisjon kulturelt og religiøst, til å bli mindre viktige og ofte talmessige mindre – jamvel ofte minoritetar - som til dels lever motstraums kulturelt.
- Dei ulike bølgene av pinse-prega kristendom; dette er den greina av kyrkjetreet som viser sterkest vekst. I dag er delar av to-tredelsverda nesten dominert av kyrkjer med slikt preg. Det omfattar alt frå klassiske pinsemenigheter, over karismatiske rørsler og lokalt initerte kyrkjesamfunn til reinspikka framgangsteologi. Dette er ei stor og mangslungen gruppe kyrkje. (Arbeidet som Berge Furre og Sturla Stålsett har gjort med Guds Rikes Universelle Kyrkje i Brasil, viser det).

Inndelingar inneber alltid forenklingar. Men desse endringane har store følger for korleis vi tenker om misjon. Forestillinga om misjonären som den vestlege ressursperson som skal løysa dei andre sine problem, inneheld nok ei viss historisk sanning, sjølv den aldri har gitt eit fyldesgjerande bilde. I NMS har vi gjennom fleire tiår forsøkt å bryta med slike forestillingar – og praksis.

Mision har først fremst med vår identitet å gjera. Det er ein dimensjon ved det vi er, og ved det vi gjer. Det har både ei global og ei lokal side.

Det er slik vi må forstå alle at dei kvalifiserande omgrepa som visjonsformuleringa for kyrkja vår, tenande, vedkjennande, misjonerande og open. Desse fire orda dreier seg ikkje om ulike aktivitetsområde. Men det dreier seg om dimensjonar ved alt det vi som kyrkje er og gjer.

Kyrkja blir heil ved å dele det ho er:

Kyrkja er diakonal, og uttrykker det ved å dela av dei gåvne Gud har gitt henne; ved vilkårlaust å dela Guds godhet med menneske og skaparverk! Heile breidda av aktivitetar som vi utfører i kyrkja er det ein diakonal dimensjon ved;

Kyrkja er vedkjennande, og uttrykker det ved frimodig å vedkjenna si tru på den treeine Gud og å lovprisa han. Alt kyrkja gjer har ein vedkjennande dimensjon.

Kyrkja er misjonal, og lever det ut ved å vera misjonerande; det er ikkje noe anna enn å dela fritt av den gåva Gud har gitt oss å forvalta, evangeliet om Jesus Kristus, til alle som kjem i vår veg –og som vi møter på vår veg.

Og ved å leva slik ho er, er kyrkja open.

Mision er ein dimensjon ved det å vera kyrkje, ved det å driva menighet.

Det gjeld gudstenestearbeid, trusopplæring, konfirmasjonsarbeid. Liturgien, musikken, korarbeidet osv. Alt har også det ved seg at det siktat mot å føra til ei tru som veks og er både sunn og sann.

(Gudsteneste

Ei gudsteneste som lever og vibrerer er eit lovprisande fellesskap som sammen uttrykker si vedkjenning til den treeine Gud. Men den har også ein diakonal klang; den vil vera eit ope og omsorgsfullt fellesskap der menneske kan legga frå seg det som tynger, og kjenna seg møtt også av menighet, v menneske og Gud. Og den vi ha ein misjonal funksjon: Her deler vi evangeliet fritt til alle som vil ta imot. Her blir vi utfordra til å leva livet i etterfølging og vitnesbyrd. Og vi trur gudstenesten forandrar oss.)

Det grensekryssande

Dermed har eg sagt at misjon alltid har eit grensekryssande perspektiv ved seg.

"Kyrkja var lokal og global før ho blei nasjonal", helste Finn Wagle Det Norske Misjonsselskap si generalforsamling i Trondheim med i sommar.

Det får oss til å løfta blikket opp frå oss sjølv eit øyeblikk, og retta det mot andre.

Det dreier seg om geografi, men også om andre viktige perspektiv:

1. Tids-perspektivet. Dersom den kristne kyrkja skal forvalta gudsrikets budskap og gudsrikets krefter med truskap, må vi gjera det slik at et også når generasjonane – for ikkje å seia generasjonen - som kjem etter oss.
Ungdommens kyrkjemøte tar den kulturelle kommunikasjonsutfordringa som ligg i dette dette på alvor når dei talar om misjonerande nærvær.
Dette er ei konkret utfording både til kyrkja generelt, og til Samarbeidesrådet for menighet og misjon, SMM.
Det Norske Misjonsselskaps samarbeid med bispedømme- og menighetsråd, om å utvikla nye menighetstypar, er eit uttrykk for dette.
Ungdomsmenigheten F"2 i Fagerborg menighet i Oslo er eit godt eksempel på dette. Mange døme finst – og fleire trengst. I siste nummer av Norsk Tidsskrift for Misjon reflekterer unge menneske om dette. Ta og les.
2. Vekst-perspektivet: Korleis kan ein tenka misjonerande innanfor ei kyrkje som er ei open folkekirkje som tar dåpen på alvor? – utan å bli fanga av eit kulturelt overlegenhetsskompleks, eller ein forenkla vekkingsteologi? (At ei open folkekirkje også må ha rom for desse tradisjonane er ei anna sak). Men det viktige her er: Vårt ansvar sluttar ikkje ved dåpen. Trusopplæringsreforma vitnar om at kyrkja vil ta den misjonerande dimensjonen på alvor. Det knytter seg til Den oppstadne sin instruks om å døypa og å læra. Misjon dreier seg om dåpen, men også om medvandring, om com-misjonen; om vekst og å føra stadig djupare inn i sanninga.
3. Geografi: Som kyrkje har vi ei særleg ansvar for dei som tilhører Guds folk – som er medlemmer av kyrkja. Men av og til snakkar vi som om ansvaret vårt

sluttar der. Det gjer det ikkje. Vår kyrkje har også eit forhold til dei gruppene som ikkje er medlemmer av kyrkja vår. Vi har ei ønske om å formidla – ikkje påføra – evangeliet også til dei som ikkje deler den kristne trua – også i vårt land.

Det er eit heilt sentral perspektiv for den kristne kyrkja at det ikkje skal setjast grenser for evangeliet. Det kjem utanfrå, det kom til oss utanfrå, og vi er kalla til å formidla det gode budskapet, dela gleda, også med dei som ikkje kjenner henne. Det globale perspektivet må haldast fram Ennå er det mange folkegrupper og menneske vi har gått forbi. Dei er på ingen måte gløymde av Gud, og derfor har også vi eit ønske om og eit kall til å dela gudsrike-realitetane, stadig vidare. Sjølvsagt skal det gjerast med stor innsikt og skjønsemd. Det manglar vi ofte. Men vi strekker oss etter det.

Det er spennande å sjå korleis det i vår samtid veks fram nye globale mønster for korleis dette skjer. La meg gi eit eksempel:

Johns kalte han seg, og var guide i Nanjing. Han viste meg og ei gruppe nordmenn det formidable monumentet – ein park på storleik med Vigelandsparken – over Sun Yat Sen, ein kinesisk filosof og politisk leiar Johns frimodig presenterte om kristen.

Ein av mine medreisande var meir frimodig enn eg, og spurte:

- Og du då, kva er du?

Vi fekk Johns historie. Han fortalte:

- Eg studerte på universitetet på 1980-tallet. Eg vaks op i ein familie der Mao var forguda. Mens eg studerte blei han avkledd og vanæra. Far min blei dårleg, og eg blei kynisk. Eg hadde lite å leva for!

- Ein dag han eg kom ut frå kantina etter lunsj, sto noen studentar utanfor i ein ring og sang. Eg stansa opp, og ein av dei kom og spurte meg om eg skjøna kva dei sang om?

- Nei, sa han.

- Vi syng om Jesus, sa han. Det er påske i dag og vi feirar at han sto opp frå dei døde. Har du hørt om det?

- Nei sa han.

- Vil du vita meir?

- Ja sa John. Etter fjorten dagar var han blitt med i ein dåpsklasse og etter eit halvt år var han døypt.

- Så eg og er kristen, fortalte John. Og så forklarte han:

- Eg blei kristen fordi Jesus fylte mitt tomme hjerta. Han gav livet meinig.

Så var han stille ein augneblink, og så la han til: Og desse studentane som sto der og sang, dei var frå Afrika!

Møtet med John illustrerer den nye verden: Misjon er heile den verdensvide kyrkjas sak. Og det er nå glede blir delt, ho blir heil.

5. Heller brød enn budskap?

Eg møter av og til ei oppfatning som går om lag slik: Kyrkjas vitnesbyrd gjennom diakonal innsats, i kampen mot urett og undertrykking både i forhold til fattige her lokalt, og i globalt perspektiv, det er bra. Men eg har visse vanskar med misjon. Kva rett har vi til å tru at vår sanning er sann også for dei andre?

Det skulle vera heilt tydeleg av alt eg har sagt her, at den første delen av resonnementet deler eg heilt og fullt. Kyrkja er diakonal, derfor skal ho vera tenande i sine handlingar. Ho er sett til å dela alle Guds gaver, vilkårslaust og raust. Og i dette ligg også kyrkjas ansvar for å kjempa og tala mot uretten, f eks ved gi dei med svak røyst, kraft i røysta.

Det same gjeld for å dela den Guds gave som er evangeliet. Kyrkja er misjonal. Evangeliet er gitt oss for at det skal delast, og det er ved å dela det kyrkja blir heil.

Som kyrkje kan vi ikkje velga det eine framfor det andre. Både det diakonale og det misjonale er med og gjer kyrkja til kyrkje. Dei spring begge ut av det levande trusfellesskapet, og samfunnet med den treeine Gud. Dei peikar begge tilbake på det som er basis og sammenheng. Dei to sidene skil seg frå kvarandre ved at dei har ulike målsettingar:

Diakonale handlingar vitnar i handling om Gudsrikets frigjerande krefter, og skal avsløra Guds vilkårslause kjærleik som skal gi håp om mot. Det skal skje vilkårslaust og utan etterhald.

Misjonerande handlingar vitnar om Guds vilkårslause kjærleik til alle menneske, og siktar mot å føra dei inn i det bekjennande felleskapet ved tru og dåp. Målet er at glede vi har, skal blir delt ved at ho blir tatt imot.

Begge deler er utslag av det som er dimensjonar ved kyrkjas vesen. Dei kan ikkje haldast opp mot kvarandre. Du kan ikkje velga det eine framfor det andre utan at det går ut over kyrkjas integritet. Dei hører begge deler med til det å vera kyrkje.

Ofte vil same handlinga ha begge dimensjonar. Det er uråd å isolera det åndelege frå resten. For det er levande og heile menneske vi har å gjera med. Derfor er det i praksis ei utfordrande øving både å halda ting sammen utan å blanda motiva; og på den andre sida å halda ting frå kvarandre utan å skilja basis og utgangspunkt.

(I Mali er NMS med på å grava brønnar. Det er ein gammal brønngravar-tradisjon, der grev dei med handkraft brønnar på opp til (eller ned til) 90 meter. Vi sørger for brønnar for at folket skal få vatn. Målet er at kvinnene skal slepp å bruka dagen på vass-henting; så jordbruksproduksjonen kan auka; så buskapen kan veksa og at sjukdommar kan reduserast gjennom reint, sandfiltrert vatn. Kort sagt: Reint vant. Målet med dette prosjektet er ikkje å dela livets vant med folket. –vi gjer ikkje dei eine for å oppnå det andre.

Samtidig ber dei som står bak brønnprosjektet, bl a NMS sine folk, med seg i alt dei gjer også eit ønske om at folket i landsbyane i Mali skal få del i truas glede og oppleva den oppstandne Kristus som medvandrar og bror.

Misjon mellom glede og anstøt

Eg vedgår at det ikkje er heilt enkelt, for det er noe støytande med menneske som har "sett lyset" og som vil misjonera. (Det var det eg opplevde på bussholdeplassen der eg bur). Det noe støytande ved det å ha ei sanning å formidla til andre. Sjølv om vi kan velga å seia – som eg gjer: Det dreier seg om å dela glede. Det dreier seg ikkje om at eg eig sanninga eller evangeliet. Det er sanninga som har funne meg. Eg er blitt

omgitt av ho. Støytande blir det likevel. Dels fordi vi ikkje maktar å formidla dette gode utan å støyta, dels fordi evangeliet har noe støytande ved seg.

Eg kjem ikkje ut over dette: På den eine sida gleda over lyset, og over godt nytt, og fellesskapet og håpet; over å ha fått i gáve nye relasjonar med meg sjølv, med medmenneske, med kosmos og med Gud. Og på den andre sida det støytande ved å tru, og å ønska å påverka andre til å tru.

Den sørafrikanske misjonstenkar og –praktikar, David Bosch, har kjempa med denne spenninga. Han seier at misjon i dag må avkle seg alt mакtspråk, og vera audmjuk. Han alar ut frå den spenningsfylte situasjonen i Sør-Afrika. Men på mange måtar er det eit bilde på verden. Vitnesbyrdet, misjon, må våga å leva utan ytre makt. Men når ein gjer det, vil ein oppdaga at også det audmjuke kan vera frimodig. Det er ytterst passande å understreka *David Bosch sitt poeng i dag, når vi er samla på eit kyrkjemøte som også skal feira fellesskapet mellom Den norske kyrkja og den lutherske kyrkja i et sørlege Afrika (ELCSA), og gjera det ved å inngå ein avtale som har som utgangspunkt og som mål å uttrykka likeverd, og vil gjera det både audmjukt og frimodig.

6. Kyrkja handlar misjonerande

To korte poeng til:

I dette korte avsnittet vil eg bare understreka at dersom kyrkja er misjonerande av karakter, må vi sammen finna handlingsmønster som ivaretar den dimensjonen.

Slike handlingsmønster finst:

- Våre kyrkjelydar kan med frimod stadfesta at ja - dei er med i ei kyrkje som er misjonerande, globalt og lokalt. Dei kan vera stolte over alt det flotte dei er med på – og dei kan søka strategiske grep som styrker den misjonerande identiteten. Kva med f eks å innföra ein global misjonsdag ein fast søndag i året, f eks 1. søndag etter påske. Noen oppgåver kviler på menighetene lokalt, og dei blir stadig viktigare. I Samarbeidsråd for Menighet og Misjon (SMM) understreker vi at misjonsoppdraget primært er den lokale kyrkja sitt ansvar.
- Like viktig er det å understreka at den samvirke-modellen som har prega norsk kyrkjeliv, fortsatt er liv laga. Mange trur tilsynelatande ennå at det er eit norsk særsyn at det innanfor kyrkjestrukturen finst organisasjonar og institusjonar som ivaretar særlege sider ved kyrkja sitt samla oppdrag. Det er det ikkje. Dette finn vi så godt som over alt – i litt ulike variantar. Det er ei velsigning. Den monolittiske kyrkjestrukturen er ikkje noen ønskemodell.
Også i dei økumeniske organa som LVF og KV blir dette framheva i dag.
 - Vi fekk ein illustrasjon på korleis dette har fungert under generalforsamlinga i LVF i Winnipeg i 2003. Thor Bjarne Bore sørga for at alle samarbeidskyrkjene til NMS, Areopagos, Normisjon og KN blir invitert til eit møte med den norske delegasjonen. Det blei eit sterkt møte, der Thor Bjarnes konklusjon etterpå var kort og konsis: Dette har fungert! Eg sluttar meg til det!

Ein skal høyra på sjølvskryt, for det kjem frå hjerta.

- Vi lever i ei tid der vi kan observera at nye handlings- og samhandlingsmønster veks fram. Mange av kyrkjene i det globale sør framviser ein misjonerande dynamikk som imponerer og gjer inntrykk. Også dette utfordra oss til handling.

7. Det er glede som driv oss

Eg har snakka om dimensjon – om det kyrkja er.

Eg har snakka om struktur: om det vi sammen må gjera for å vera det vi er.

Til slutt vil eg sei litt om oss. Kva er det som driv oss?

I NMS sitt misjonsdokument, Verdensvid glede, som blei vedtatt sist sommar, hevdar vi: Det er glede som driv oss.

Det er dette eg har søkt å utmeisla litt vidare her, og det er dette eg har søkt å invitera til å ta del i.

Alt det eg har sagt om dette, kan eigentleg gjerast enklare.

La meg fortelja frå eit møte der kanskje noen av dykk var. Det skjedde i Den fornya Fredskorpset sitt årsmøte i Oslo våren/hausten 2004. Det var fleire store talarar, både Desmond Tutu og dåverande utviklingsminister, Hilde Frafjord Johnson. For meg var det sterkest å møte min ungdoms helt, den sosialistiske humanisten, expresident i Zambia, Kenneth Kaunda.

Tutu talte med sitt spøkefulle alvor om det å vera menneske, og det å blir ustanskeleg meir menneske.

Deretter talte Kaunda. Den gamlemannens sosialetiske patos var ikkje borte. Han talte om HIV and AIDS og vi kjende – også dette dreier seg om å vera menneske!

Før han talte, hadde han følgande innleiing: og eg trur eg gjengir han omrent ordrett, sjølv om det er etter minnet:

Before I give my speech, I'd like to sing a short song for you.

Og så sang han:

Day by day
All my life,
Till I die,
I will follow Jesus.

Og så la han til: Just so that you know who I am – bare så de veit kven eg er.

Kjære kyrkjemøte. Det er det det dreier seg om. Å vera det vi er: Jesusdisiplar, glade medvandrarar, misjonerande kyrkje.

Så la oss gå i fred då, i glede over kva vi er – og la oss sammen vera det.

Mange takk.